

Eksamen

15.11.2019

DTE2002 Design og produktutvikling

Programområde: Design og tekstil vg2

Nynorsk

Eksamensinformasjon

| | |
|--------------------------------------|--|
| Eksamenstid | Eksamen varer i 4 timar. |
| Hjelpemiddel | Alle hjelpemiddel er tillatne, unntatt ope Internett, samskriving, chat og andre moglegheiter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| Bruk av kjelder | <p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal du alltid føre dei opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p> |
| Vedlegg | Vedlegg 1: inspirasjonsbilete 1 Vedlegg 2: inspirasjonsbilete 2 |
| Vedlegg som skal leverast inn | Ingen |
| Informasjon om vurderinga | <p>I oppgåva er det lagt vekt på at kandidaten skal vise ei heilskapleg forståing av designprosessen og utarbeide idear til funksjonelle produkt på ein fagmessig måte.</p> <p>Det skal vere god samanheng mellom det valde inspirasjonsbiletet, designprosessen, det endelege forslaget og presentasjonen.</p> |

Tema: tekstil på kjøkkenet

Du har fått i oppdrag å planlegge ein kolleksjon av funksjonelle tekstilprodukt til bruk på kjøkken. Produkta må ha ein nyttefunksjon – det kan for eksempel vere brødkorger, mapper til oppbevaring eller vern mot varme eller matsøl.

Dette er krava til produkta:

- Målgruppa er alle som liker å jobbe på kjøkkenet.
- Produkta skal vere funksjonelle.
- Designet skal ha ein klar samanheng med det valde inspirasjonsbiletet.
- Produkta skal hovudsakeleg vere i tekstil og må kunne reingjerast.

Du kan bruke inspirasjonsbiletet (vedlegg 1 eller 2) som materiale i oppgåve 3.

Oppgåve 1: idéprosess

- a) Vel **eitt** av inspirasjonsbileta (vedlegg 1 og 2) og bruk det som utgangspunkt for vidare design. Teikn skisser til fleire forskjellige funksjonelle produkt med utgangspunkt i temaet og biletet du har valt.
- b) Vel to av produkta som du arbeider vidare med – med fargeforslag og detaljar. Forklar kort kva for materiale, teknikkar og detaljar du har valt. Grunngi vala dine.
- c) Teikn nødvendige detaljteikningar for å synleggjere detaljar og eventuell dekor.

Oppgåve 2: endeleg forslag

- a) Med utgangspunkt i oppgåve 1, idéprosessen, skal du velje to funksjonelle produkt som skal vere med i kolleksjonen.
- b) Teikn arbeidsteikningar med forklaring til dei to produkta. Bruk fagomgrep.
- c) Teikn ei presentasjonsteikning av dei to produkta der du synleggjer fargar, detaljar og eventuell dekor. Forklar materialval og tekstilteknikk.

Oppgåve 3: presentasjon

Presenter alt arbeidet på ein formålstenleg og estetisk måte som viser prosessen frå idé til ferdig produkt.

Du kan bruke vedlegget du har valt, som materiale.

Bokmål

Eksamensinformasjon

| | |
|-------------------------------------|--|
| Eksamenstid | Eksamen varer i 4 timer. |
| Hjelpemidler | Alle hjelpemidler er tillatt, unntatt åpent Internett, samskriving, chat og andre muligheter for å kunne utveksle informasjon med andre. |
| Bruk av kilder | <p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastingsdato.</p> |
| Vedlegg | Vedlegg 1: inspirasjonsbilde 1 Vedlegg 2: inspirasjonsbilde 2 |
| Vedlegg som skal leveres inn | Ingen |
| Informasjon om vurderingen | <p>I oppgaven er det lagt vekt på at kandidaten skal vise en helhetlig forståelse av designprosessen og utarbeide ideer til funksjonelle produkter på en fagmessig måte.</p> <p>Det skal være god sammenheng mellom det valgte inspirasjonsbildet, designprosessen, det endelige forslaget og presentasjonen.</p> |

Tema: tekstil på kjøkkenet

Du har fått i oppdrag å planlegge en kolleksjon av funksjonelle tekstilprodukter til bruk på kjøkken. Produktene må ha en nyttefunksjon – det kan for eksempel være brødkurver, mapper til oppbevaring eller beskyttelse mot varme eller matsøl.

Dette er kravene til produktene:

- Målgruppen er alle som liker å jobbe på kjøkkenet.
- Produktene skal være funksjonelle.
- Designet skal ha en klar sammenheng med det valgte inspirasjonsbildet.
- Produktene skal hovedsakelig være i tekstil og må kunne rengjøres.

Du kan bruke inspirasjonsbildet (vedlegg 1 eller 2) som materiale i oppgave 3.

Oppgave 1: idéprosess

- a) Velg **ett** av inspirasjonsbildene (vedlegg 1 og 2) og bruk det som utgangspunkt for videre design. Tegn skisser til flere forskjellige funksjonelle produkter med utgangspunkt i temaet og bildet du har valgt.
- b) Velg to av produktene som du bearbeider videre med fargeforslag og detaljer. Forklar kort hvilke materialer, teknikker og detaljer du har valgt. Begrunn valgene dine.
- c) Tegn nødvendige detaljtegninger for å synliggjøre detaljer og eventuell dekor.

Oppgave 2: endelig forslag

- a) Med utgangspunkt i oppgave 1, idéprosessen, skal du velge to funksjonelle produkter som skal være med i kolleksjonen.
- b) Tegn arbeidstegninger med forklaring til de to produktene. Bruk fagbegreper.
- c) Tegn en presentasjonstegning av de to produktene der du synliggjør farger, detaljer og eventuell dekor. Forklar materialvalg og tekstilteknikk.

Oppgave 3: presentasjon

Presenter alt arbeidet på en hensiktsmessig og estetisk måte som viser prosessen fra idé til ferdig produkt.

Du kan bruke vedlegget du har valgt, som materiale.

Vedlegg 1: inspirasjonsbilete 1 / inspirasjonsbilde 1



Kjelde/kilde:

<https://pixabay.com/no/photos/bokhylle-kj%C3%B8kken-overflaten-m%C3%B8bler-3532950/>

Nedlastningsdato: 19.03.2019


Vedlegg 2: inspirasjonsbilete 2 / inspirasjonsbilde 2



Kjelde/kilde:

<http://anews24.org/8013>

Nedlastningsdato: 19.03.2019



www.vigoiks.no/eksamen